



# UTiuka

## Harstad Kulturhus

Russisk Ballettgalla -96. Tirsdag 23. april, storsalen. Danseere fra Bolsjoi-, Donesk- og Kievballetten viser utdrag av kjente verk fra balletthistorien.

Kammerkonsert med Arcticus, onsdag 24. april i lillesalen. På programmet står Brahms, Hindemith og Mozart. Solist: Michael Yakolev, bratsj.

## Skåland kirke

Orgeikonsert, lørdag 20. april,

formiddag. Kantor Tim Rishon. Rishton er tidligere domorganist og universitetslektor i kirkemusikk. Han har doktorgrad i 1700-talls kirke-musikk. Han gir årlig rundt 100 konserter i flere land, og han har spilt inn flere plater.

## Trondenes kirke

Orgelkonsert, Trondenes kirke, søndag 21. april. Kantor Tim Rishton spiller så det gnistrer.

Harstad Tidende  
19/4/96

# Blanda konsert

## KONSERT:

**Dr. Tim Rishton, orgel  
Harstad Jentekor  
Harstad Kammerkor  
Michael Servant, dirigent  
Trondenes Kirke**

Sikkert og friskt tempo opna den engelske organisten, Dr. Tim Rishton, konserten i Trondenes kyrkje søndag kveld. J.S. Bachs «Preludium og fuge i D-dur» er eit melodiøst og fengande verk full av «oppstandelsens glede». Ein merka fort at dette var ein utøvar som var godt skulert med musikalsk uttrykksevne og ein god teknikk.

Egentleg var dette to konserter som var slått saman sidan Jentekoret og Harstad Kammerkor også skulle ha konsert denne kvelden. Ei slik løysing har absolutt sine fordelar for begge partar kva publikum angår. Kvalitetsforskjellen på den profesjonelle og amatørane var likevel slåande, men dette til tross utgjorde konserten ei fin oppleving.

Jentekoret som stilte med 18 sangarar har mange gode stemmer i koret. Ei av dei - Siv Hege Nilsen - sang jamvel solo på Gabriel Faures «Pie Jesu» frå hans Requiem. Ein nydleg sats som var fint sunge. Koret varierte klangen rimeleg godt på dei to sogene av G. Kendrick. I Mozarts «Ave verum corpus» og Lloyd Webbers «Pie Jesu» - den siste saman med Kammerkoret - hadde dei litt problem. Koret hadde sunge i Tromsø dagen før og på gudstensta i Harstad kyrkje samme dag, og med ei natt på hurtigruta i mellom, hadde dei lov å vere litt slitne. Men koret er tydeleg på veg framover og vidare jobbing med klang og intonasjon ikkje minst i høgda kan gje gode resultat. Eit godt råd for dette koret kan også vere å

synge nokre satsar utan instrumentfølge.

Kammerkoret stilte med berre 10 sangarar, og kan vere tent med fleire. Med så få blir det sjølv sagt noko gjennomsiktig i klangen, men dei er rutinerte og gode sangarar og det einaste verket dei stilte åleine med - Cherubinis «Pie Jesu» - gjennomførte dei med to solistar og fint driv.

Dr. Tim Rishton er tilsett i Grytten menighet i Romsdal og har ordna seg slik at han også kan gjennomføre konser-tunear. Han fortalte etter konserten at han hadde eit stort repertoar å ta av, mellom anna mykje norsk musikk. Dei tre verka vi fekk høye var tilpassa orgelet i kyrkja og frå barokken. Men i tillegg akkompagnerte han både Jentekoret og Kammerkoret. Utanom Bach spelte han utdrag av «Messe pour les con-ventes» av F. Couperin og ein omarrangert konsert av Albinoni. Hovudverket var Couperins messe som nettopp var bygd opp av orgeltolkningar over dei ulike ledd i gudstenesta. Det var eit flott og variert verk og typisk for fransk orgelmusikk frå denne tida - intens i dei høgtidlege så vel som i dei meditative satsane. Spesielt vakker var det i dei lange melodiske linjene fulle av utsmykninga i satsane «Kyrie eleison» og «Domine Deus».

Verket av Albinoni avslutta konserten. Det var eit kort verk i tre satsar med ein melodiøs fin siste sats utan det pompøse over seg. Med ei slik mjuk landing av konserten vart det ingen applaus frå dei 50-60 som hadde møtt fram. Men kvar av utøvarane fortunar absolutt ros for innsatsen. Organisten vonar vi legg turen innom Harstad ein annan gong for han hører vi gjerne igjen.

**KARE TORVANGER**